

FRAMFOR NYTT. AKTUELL REFLEKSJON OG FAGHISTORISK VANDRING

Otto Hageberg*

Takk for invitasjonen til å vera med på denne fagdagen. Innlegget mitt er ikkje skreddarsydd etter mål som er oppgjevne av arrangøren; det kan opplevast som eit innlegg utan stringens og indre samanheng, kanskje jamvel som eit overgrep. Eg talar på ein måte som unndreg seg diskusjon, her finst påstandar som kan synast å henga i lause lufta. Eg kan jo elles dekkja meg bak ein seniorstatus no, eg har vore tilsett ved Universitetet i Oslo i 40 år, og som eg har gjort greie for ein annan stad, dvs i festskriftet til Nils Magne Knutsen i fjor, var eg pioner jamvel i Tromsø på den måten at eg var den aller første som hadde timar i litteraturfaget på universitetsnivå i Tromsø, før universitetet kom, og mine aller første timar var innafor norrøn filologi og handla om Eddadikt og sagalitteratur. Ein verkeleg senior har rett til å laga ei røre utan oppskrift.

Det er faget litteraturvitskap og det relasjonar dette faget har til andre fag som er vårt emne her i dag, og det ville vera å lyga å seia at eg ikkje veit at det har vore spenningar mellom dette faget og andre fag ved universiteta opp gjennom åra. Eg hart vore med på litt av kvart; eg er så gammal at eg har eit embete. Det har eit definert fagområde som på ein særleg måte har kjent til desse spenningane. Sjølv tok eg hovudfag i *nordisk litteratur, litterær retning* hausten 1965, og det var eit *reint* litterært hovudfag den gongen, og nordisk var det største av alle hovudfaga i 1960-åra og 1970-åra – slik var det til litt inn på 1980-talet. Og litteraturfaget ved Universitetet i Oslo vart i stor mon, om ikkje absolutt, forvalta av spesialistar innan nordisk litteratur, slike som Edvard Beyer og Daniel Haakonsen hadde sentrale posisjonar, Hallvard Lie og Ellisiv Steen også – og ein Arne Hannevik hadde også si stipendiattid på nordisk, på same tid som Leif Mæhle.

Det var sakte andre som også stod sentralt i den same samanhengen og var med og definerte litteraturfaga; Kristian Smidt, som var

* Otto Hageberg har valgt å beholde den muntlige formen. I en mail til redaksjonen skriver han: "For meg personleg er det nettopp det kontekstbestemte som er grunnlaget for "artikkelen".

professor i engelsk litteratur, var ekspert både på Shakespeare og T. S. Eliot, Asbjørn Aarnes bygde opp sin etter kvart nokså makelause posisjon med base i fransk litteratur. Den som hadde mest å seia, særleg når det galdt etableringa av det nye faget *allmenn litteratur*, var likevel utan tvil Sigmund Skard; professor i amerikansk litteratur frå 1946, med bakgrunn også som klassisist, antikkforskar og med doktorgrad på Vinje og antikken: Han brann for at det skulle koma eit overgripande ikkje-nasjonalt litteraturfag og eigenhendig skreiv han den første studieplanen og administrerte det som var å administrera dei første åra. Likevel: hegemoniet innanfor litteraturfaget var det utan tvil nordisk som hadde til omkring 1980, og litteraturlærarar som kunne ha 30-40 hovudfagsstudentar å rettleia samstundes, var ikkje arbeidslause. Ein svært sterk posisjon hadde Edvard Beyer, som merkeleg nok parallelt med alt dette også fekk tid og krefter til å vera norsk redaktør for *Verdenslitteraturens historie* med dansk hovudredaktør, han organiserte og redigerte og skreiv sjølv mykje av *Norges litteraturhistorie* i seks band på Cappelen først i 1970-åra. Han var leiar for Norsk kulturråd frå 1978 til 1984, og omkring 1980 tok han opp arbeidet med *Norsk litteraturkritikk historie* som var eit av dei store humanistiske forskingsprosjekta i 1980-åra; første bandet vart presentert i 1990.

Mellom 50 og 100 studentar tok kvart år på 1970-talet eksamen i nordisk hovudfag med eit litterært emne; det var heilt opplagt det mest dominerande faget ved Det historisk-filosofiske fakultet, i alle fall ved det universitetet eg kjenner best. Samstundes var det nesten ingen som tok den ein gong relativt populære magistergraden i europeisk litteraturhistorie. Og førebels eksisterte det ikkje, i alle fall ikkje i Oslo, noko hovudfag i allmenn litteratur. Signala som kom over langfjella i 1970-åra sa at faget stod relativt sterkare i Bergen enn i Oslo, men både i Trondheim og i Tromsø var det vel litt av dette at det var nordiskfaget som lenge åtte litteraturen og hadde dei fleste hovudfagsstudentane. Det var ikkje unaturleg at somme mislikte dette og tykte dette var urimeleg, av fleire grunnar, og det vart naturleg nok arbeidd for å styrkja allmennfaget litteratur. I nokon mon vart det då ei polarisering og ein maktkamp, med mest tydeleg front mot nordiskfaget, som vart svekka, ikkje så mykje av opne slag som av litt gerilja. Noko av geriljatakikken, som ikkje på nokon måte var eintydig, var å minna om kor mykje mindre teoretisk orienterte og skolerte nordiskstudentar var

enn dei som studerte allmennfaget, og når dei var mindre skolerte, var ein av grunnane at dei fekk dårlegare undervisning av dårlegare og mindre skolerte lærarar, eklektikarar utan tydeleg profil, med sterkare røter til utdatert nasjonsbygging og suspekt danningstradisjon enn til både strukturalisme og poststrukturalisme, og desse lærarane var slike som meir hylla konstruksjon enn dekonstruksjon. Det er ingen tvil om at litt etter litt fekk allmennfaget høgare prestisje, og framstår i dag – i alle fall tilsynelatande – som eit mykje meir attraktivt fag enn nordisk litteratur. I dag har det i Oslo i femten år vore slik at allmenn litteratur og nordisk litteratur har høyrte til ved same institutt; eg var den som først kom med framlegget om at vi skulle vera saman i ein slik organisasjon. Vi hadde litt problem med namngjeving, det gjekk for så vidt greitt på norsk mål der vi kalla det institutt for nordistikk og litteraturvitskap; det er nok då somme som vel har meint at nordistikk omfattar både språk og litteraturdelen av det nordiske, også den litteraturforskinga som har vore utført av litteratar med emne innan nordisk litteratur. Det har vore tagt med at dei fleste hovudfagsstudentar ved allmenn litteratur har skrive avhandlingar om eit nordisk emne, og "nordistane" har i liten mon vore trekt inn ved evaluering, av grunnar som nok er meir symbolske enn reelle.

Problemet som låg der frå første stund vart elles synleg då vi skulle namngje på engelsk. Løysinga vart *Department of Scandinavian Studies and Comparative Literature*. Namneskikken openberrar og tilslører på same tid; den gjev vilkår for å markera symbolske revir og den er problematisk, for *comparative literature* er det i realiteten få av allmennlitteratane som har drive. Frå januar 2005 er elles alt annleis: Det er skipa til eit eige institutt for europeiske språk og litteratur; dit høyrer alle litterære einingar med - frå allmenn litteratur til europeiske nasjonallitteraturar, som fransk, engelsk, tysk, russisk, alle bortsett frå norsk og nordisk litteratur som er del av ei anna ny eining: *lingvistikk og nordisk*, og det er lett å spå at noko av det spennande i denne prosessen blir å gi namn til dei nye storinstitutta, særleg det instituttet som no skal hysa allmennfaget. Skal namnet markera at litteraturlærarane frå dei tidlegare andre språk og litteraturfaga blir del av eit allment litteraturfag, eller kan det henda at allmenn litteratur blir "oppslukt" og usynleggjort i det store gapet. Det er ein opplagt risiko; det er avhengig av profilen til dei forskarane som kjem saman.

Om det som har hendt, kan vi elles bruka andre, oppsummerande ord: Den eininga som i si tid lenge var ein grunnvoll for det litterære studium, i alle fall ved Universitetet i Oslo, nordisk, er spalta bort, i alle fall institusjonelt, frå den eininga som organiserer og legg premisane for litteraturstudiet. Det kan godt henda at dette er klokt. Det kan faktisk henda at litteraturfaget tener på at alle institusjonelle band til morsmåslitteraturstudiet hos oss blir heilt borte, endå om det også i allmennfaget har vore norsk litteratur som har gitt emne til mange av masteroppgåvene og studieemna. Og det kan absolutt vera slik at nordiskfaget vil tena på å bli i sjølvstendig utlegd; det kan invitera til ei nyttig nyorientering og samling på eit tidspunkt då mykje tyder på at allmennfaget kan bli ramma av splitting, indre strid og også av det som ein gong var så forkjetrande: eklektisismen, avdempinga av det som gav profil: at ein hadde noko felles å kjempa for.

Eg legg no inn eitt narrativt aspekt i mitt foredrag, narrativt og personleg, somme vil synast for personleg; deg gjev eg blaffen i. Eg vil fortelja litt om min inngang i faget, anekdotisk og spreidd. Eg trur på det episke momentet i pedagogikken, innan det episke er det også rom for anekdoten; ver overberande. Som for fleire av dei som er her, i alle fall Jostein Børtnes og Erik Egeberg, var det også slik for meg at det var russisk litteratur som var den flotte inngangsportalen; vi lærte litteraturhistorie av frodige fyrst Mirsky; hans *A History of Russian Literature* var ein fest å lesa, men det var også den raffinerte og stringente og velskrivande dansken Adolf Stender-Petersen som mellom mykje anna også så suverent viste oss dei mange former for realisme: Herzens filosofiske realisme, Gontsjarovs pragmatiske realisme, Gogols groteske og Turgenjevs poetiske realisme, Saltykov-Sjedrins satiriske realisme, Dostojevskijs psykologiske realisme og toppunktet: Tolstojs plastiske realisme.

Den forma for russisk vi studerte i første omgang, var elles i stor mon militær, instrumentell og våpenbunden, vi visste alt om podpolkovnikar og pulemjotar og skilnaden mellom divizija og divizion og den mest sentrale setninga vi lærte, var vel "gde vy byli vzaty v plen" som tyder "kvar vart De teken til fange", og skulle eg svara på det spørsmålet i dag, måtte svaret bli: i poesien. Det var slik at kvar einaste veke, midt inne i det militære alvoret vart vi inviterte inn i dikt-

verda, først og fremst hos klassikarane, Pusjkin og Lermontov, men også i dikt frå 1900-talet; ein Blok eller ein Majakovskij. Det er mange her som ikkje kan russisk, går eg ut frå, det kan verka kunstig og show-off at eg då vel å lesa opp eit av dei første dikta vi lærte, eg gjer det likevel fordi det er eit av dei dikta eg alltid har kunna seinare, det er ein del av mi "erfaring" ville eg vel seia om eg skulle bli nøydd til å bruka moderne terminologi. Mikhail Jurjevitsj Lermontov har skrivne diktet, det heiter "Molitva", på norsk "Bøn" og det lyder slik:

V minutu zjizni trudnuju
Tesnitsa l v serdtse grust
Odnu molitvu tsjudnuju
Tverzju ja naizust

Jest sila blagodatnaja
V sozvutsje slov zjivykh
I dysjet neponjatnaja
Svjataja prelest v nikh

S dusji kak bremja skatitsia
Somnenje daleko
I veritsia i platsjetsia
I tak legko, legko

I dette diktet står altså orda: "jest sila blagodatnaja/ v sozvutsje slov zjivykh", og lyttar du etter lydane, kan du vel nesten høyra kva det tyder, det tyder: det er ei velsigna kraft i samklangen mellom levande ord." Dette er ikkje grundtvigsk tale om det levande ord, endå det kan likna på det, men det er ord som viser inn til grunnlaget for vår praksis som litteraturlærar/forskarar/formidlarar: også for at vi møtest her for å diskutera faget slik vi gjer, men eg nemner orda no som ei av dei sentrale opplevingane som førte meg inn på det sporet der eg på sett og vis vart verande.

Og akkurat på denne staden kan det vel vera anekdotisk høveleg å foretalja at den første som viste meg eit litterært begjær eg aldri hadde sett før, også begjær etter litterær teori, var Jostein Børtnes. Han hadde lese mykje meir teori enn oss andre som kom inn på Det militære språkkurs i 1956. Slik verka det, mest tysk teori, trur eg, han kunna

sin Kayser som 20-åring, han bar *Das sprachliche Kunstwerk* med seg både her og der, slik står det i mitt minne, eg kan hugsa feil, inntrykk frå seinare kan ha blanda seg inn, men evna til å gripa og forstå kate-goriane, var sterkare utvikla hos Jostein enn i alle fall hos meg, og han imponerte meg, i ein kafesamtale mot slutten av 50-åra var vi ein gjeng som tala om tragedien; "Fergusson sier", sa Jostein, og dette var før Else Høst hadde presentert hans *The idea of a theatre* i ein artikkel i *Edda* i 1960 og gjort han til ein av dei aller mest sentrale referansane i Ibsen-litteraturen i åra som følgde. Men når eg nemner Fergusson, kan eg jo ta fram ein amulett, eit minne som er berre mitt; eg var den som åleine fekk ta imot Francis Fergusson på Fornebu då han for fyrste gong kom til Noreg i august 1965, han var det store namnet ved den første inter-nasjonale Ibsenkonferansen, som vart halden i Oslo, og eg var sekre-tær i komitéen; Daniel Haakonsen og Edvard Beyer brukte meg til å skriva avslagsbrev frå mange koryfear etter at vi hadde sendt ut vårt call for paper, og eg fekk altså også privilegiet å ta imot Fergusson som hadde lyst som ei stjerne sidan Jostein innforstått presenterte han på Gildevangen i 1959. Fergusson var ein hyggeleg, smålåten mann; den replikken eg hugsar best frå hans munn, er også eit stykke faghistorie. I samband med opninga av konferansen hadde eg sendt personleg brev til Ibsens biograf og nestor i Ibsenforskinga, Halvdan Koht og in- vitert han til banketten første kvelden. Og eg fekk svar tilbake, kanskje det aller siste brevet Koht sjølv signerte. "Eg er blind og dauv", skreiv han, "men eg vil koma om eg kan. Dykkar Halvdan Koht." Og han kom, eg plasserte han ved same bordet som Fergusson, eg spurde om han ville halda tale, "eg veit ikkje om eg orkar", sa han, men han heldt det ope.

Eit stykke ut i middagen tok han ordet, på flytande Tromsø- engelsk tala han med fast røyst om si forskning på feltet Ibsen, og om den gleda han hadde kjent då unge forskarar hadde bede han halda seminar midt i 1950-åra med utgangspunkt i den biografien han hadde skriva i 1928, *Eit diktarliv* som kom i ny utgåve i 1956. Han understreka i talen kor avgrensa hans perspektiv hadde vore; han understreka kor viktig det var at Ibsen vart nylesen med heilt andre briller enn dei han hadde brukt. Nye generasjonar, nye perspektiv, det var hans bodskap, men han underslo heller ikkje sin eigen kunnskap og si tru på seg sjølv; likevel var det viktigaste ved den talen han heldt denne kvelden at han liksom formidla eit oppdrag til komande generasjonar. – Etter-

på kom Francis Fergusson bort til meg og takka for at han hadde fått oppleve dette. Eg hugsar godt orda hans og såg at dei var sanne: "I was moved to tears", sa han.

Det blir ofte framstilt som om det tidleg i 1960-åra og før det ikkje fanst teoretisk refleksjon i dei litteraturfaglege miljøa. Det er ikkje sant. Det er vel sant at den teoretiske refleksjonen var annleis, men det var strid, ikkje minst då heile fakultetet i Oslo var engasjert i tilsetjing av ny professor etter Francis Bull, og striden viste at det var svært ulike oppfatningar av kva vegar litteraturforskinga burde ta, både om det teoretiske grunnlaget og om dei metodiske konsekvensane av grunnlaget. Då Edvard Beyer vel var tilsett i 1958, skipa den litterære foreininga Athenaion til eit møte, det var anten hausten 1959 eller våren 1960. Beyer heldt der foredrag om om metodiske motsetningar i litteraturforskinga.¹ Eg høyrde foredraget og debatten etterpå. Foredraget var sakleg og velorientert, med vilje til forsoning og til breidde i forskinga av litteraturen, slett ikkje utan sans for det historisk-biografiske, men med meir vekt på autonomiestetikken som var komen med impulsar frå nykritikken. Det var i desse åra at Wellek og Warren: *Theory of literature* vart grunnbok for eit litterært hovudfagsstudium, også innanfor nordisk. Beyer viste sjølvsgatt til den i foredraget sitt, særleg W&Ws fantasi om å sameina det historiske og det meir reint tekstimmanente; perspektivisme som dei kalla det. Debatten etter foredraget var heit, og gjekk ikkje berre på forholdet mellom dei reint tekstorienterte og dei kontekst-dyrkande, men den gamle motsetnaden mellom spiritualistar av Rokseth-typen på den eine sida og meir pragmatiske analytikarar på den andre var levande. Alle var med: Daniel Haakonsen, Rokseth-elev, merkte seg ut; på første sida av Dagbladet dagen etter møtet stod et bilete av han under overskrifta: "Vil ikke begrave stridsøksen", men den han tydelegast kom i konflikt med denne kvelden, var ikkje Edvard Beyer, som fekk ros frå alle hald for si holdning, men det var Sigmund Skard, som var ein av dei mest taleføre i forsamlinga, og motsetnaden mellom Haakonsen og Skard gjekk tilbake heilt til 1930-åra då Skard så tydeleg hadde markert sin skepsis til Rokseth-lina då han *ex auditorio* opponerte mot Rokseth-eleven Anders Wyller som disputerte på ei avnhandling om Paul Claudel i 1938.

¹ Innlegget er trykt i Beyers *Profiler og problemer* (Oslo 1966) og også i Hoftun og Tobiassens *Mål og metoder i litteraturforskningen. Dokumenter fra norsk litteraturdebatt* (Oslo, 1969).

Mange markerte seg: Kristian Smidt, Ole Koppang, Erik Krag, Paulus Svendsen, Asbjørn Aarnes og den unge Hans Skjervheim, som minte om at det diskusjonen galdt mindre var metodiske motsetningar enn motsetningar i synet på den ontologiske status dikting hadde. Det var ei oppleving å vera med på dette møtet; eg fortel om det for å minna om at det slett ikkje var skort på interesse for teoretiske problemstillingar tidleg i 1960-åra, mitt inntrykk er at noko var på veg. Det viste seg også i somme av dei sentrale bøkene som kom desse åra omkring 1960. Danske Sven Møller Kristensen, kulturradikalr, pianist, songforfattar, men først og fremst litteraturforskar med ei rad sentrale verk, gav omkring 1960 ut *Digtingens teori*, som er sterkt påverka av Wellek & Warren, like før hadde han introdusert litteratursosiologi og bokhistorie i sitt tobands verk *Digteren og samfunnet*, der han følgde bøker og deira krinslaup i det norsk-danske samfunnet frå seint 1700-tal til inn på 1800-talet. I 1961 kom hans vurderingsteori, med døme, i boka *Vurderinger*, som framleies held mål, men som aldri blire lesen lenger, trur eg, det er lett å bli historielaus når ein skal følgja med på mykje nytt. Møller Kristensen var profesor i København, i Århus sat den unge Johan Fjord Jensen og laga ein introduksjon til nykritikken, med si bok *Den ny kritik*, som kom i 1961, innføringa hans i historikken og i tenkninga nykritikarane representerte, og deira metodiske grep, er på ingen måte utdatert. Introduksjonane til ein Eliot, ein Richards, ein Brooks er fullt leselege i dag. Eg var den første, trur eg, som omtala denne boka på norsk, då eg melde henne i *Profil*, og då eg på Århus Universitets årsfest i 1963 var utsending for Det Norske Studentersamfund, fekk eg "audiens" hos Fjord Jensen, som sosialt sett var endå meir klosset enn eg, og det vart ein merkeleg samtale. Han skulle på død og liv vita om pater Hallvardt Rieber Mohn var realist eller nominalist, og eg hadde slett ikkje førebudd meg på universaliestriden. Men vi vart ikkje uvener og vart godt kjende seinare, i august 1966, då alle litteraturmiljøa i Norden ville gjera noko felles og laga eit nordisk litteraturleksikon. I tre dagar sat vi samla på Rungstedlund, og det var ikkje smågutar: frå Island møtte Jon Helgason og Bjarni Gudnason, frå Sverige Staffan Björck og Magnus von Platen og ein som eg ikkje hugsar namnet på, frå Danmark var dei fire: Hakon Stangerup som i eigenskap av preses i Det danske akademi var vert på Rungstedlund, frå Københavns universitet møtte Sven Møller Kristensen og Åge Henriksen og frå Århus altså Johan Fjord Jensen som også var den eigentlege

pådrivaren bak prosjektet. Frå Noreg kom så Sigurd Aarnes frå Bergen, frå Oslo Edvard Beyer og unge meg, som verkeleg var Benjamin i flokken, det var nok med ein dobbel ironi Staffan Björk utnemnde meg til barnebokspesialisten i denne forsamlinga.

Det var fleire grunnar til at det ikkje vart noko av dette prosjektet. Det skjedde så mykje i perioden 1966-70, ei polarisering i dei akademiske miljøa og ei interesseflytting som ville gjera det vanskeleg å få samarbeidet til å fungera. Det var tydeleg alt på Rungstedlund, der Åge Henriksen opplagt stod for noko anna enn Møller Kristensen t.d., det låg i korta at det ville bli vanskeleg. Mangt vart omkalfatra i åra fram mot 1970, ute i verda og her heime, og sjølve grunnlaget for litteraturstudiet vart trekt i tvil; var det ikkje eigentleg ein del av den borgalege danninga som skulle kastast på skraphaugen og måtte ikkje litteraturfaget i alle fall omdannast totalt til et frigjeringsfag, til noko revolusjonært? Det kom ei uro over mange, på ulike måtar. Innanfor og i grenselandet til dei akademiske institusjonane. År for oppbrot, år for retningar ingen hadde høyrte om, dekonstruksjon, grammatologi, men nytt var også den sterke orienteringa mot strukturalisme, akkantmodellar blømde på fri mark, men sterkast stod ideologikritiske krefter, ikkje berre i Danmark, men også her, så å seia med det same vi hadde fått nykritiske lærebøker i poesianalyse frå Bergen, sjølvsagt tenkjer eg på *Lyriske strukturer* av unge Kittang, enno langt frå 30 som saman med den seks år eldre Asbjørn Aarseth dukka imponerende opp, men i eit problematisk landskap. Første gongen eg møtte Atle Kittang var hausten 1969. Vi to i lag var bedne inn som gjester til eit stort seminar Forfattarforeninga (somme hevdar Norsk Forfattarsentrum) skipa til i Bergen. Vi var ein slags observatørar. Atle representerte Universitetet i Bergen, eg Oslo. Det var eit voldsomt seminar, med klåre ytre føringar for kva som var verdifullt i litteraturen då, som skulle vera orientert mot samfunn og samtid. Dokumentarlitteratur skulle det vera; og det fanst ein metode for å skriva rett dokumentarlitteratur, det meste som var innanfor sjangeren var pseudodokumentarlitteratur, sa dei som sette dagsorden og førte fram sine helter, som ikkje var mange, men fanst. Til dei høyrde svenske Sven Lindkvist, som alt tidleg i 1960-åra hadde skriva ei bok frå Kina, *Myten om Wu Tao Tzu* og nett hadde gitt ut *Latinamerika*. Men dei aller viktigaste teksten innanfor dokumentarlitteratur for dette seminaret var det nyutkomne nummer 3-4 av *Profil* 1969, med ein vignett på framsi-

da, eit bilete av eit lemlesta barn og orda "De døde for friheten", og til dette kom den nye Norsk Vegplan som også vart publisert dette året.

No kom ikkje dette seminaret til å bli omvendingsstad korkje for Atle eller meg, eg nemner det som symptom på uro i tida, og det var mange slags akademisk glismørjing som var på tilbod slik at ein lett skulle koma glatt inn inn i eit forvirrande fagpolitisk landskap. I desse åra er det elles at det litteraturfaglege miljøet i Bergen veks fram, og det hadde mykje å seia at det kom til å representera både akademisk tyngde og breidde, med blick for det nye, også det politisk nye, men også alltid eit større fagleg blick, bl.a. blick mot den store hermeneutiske tradisjonen, og vi som opplevde det nordiske forskarseminaret om hermeneutikk på Godøysund i mai 1976, minnest vel konflikhtar som i dag verkar sære, men best minnest vi nok at Gadamer sjølv brått og uventa dukka opp, med sol på sin blanke måne. Gadamer var slett ikkje eit nytt namn for meg den gongen, då Hans Skjervheim i 1962 leidde eit seminar som førebudde nordisk sommaruniversitet, kravde han at vi alle, og vi var berre fem, skulle lesa *Wahrheit und Methode* på 14 dagar, eg må nok vedgå at eg fall litt av lasset, men når eg nemner dess tinga her, usystematisk som de merkar, er det sjølv sagt for atter ein gong, på mitt vis å minna om at fortida ser annleis ut enn somme yngre kanskje trur, eg veit forresten ikkje kva alle trur, men det veit eg, at det er få studentar i alle fall, og slett ikkje alle lærarar ved universitetet heller, som verkeleg kjenner fagtradisjonen, og heller ikkje korleis det lenge var eit intimt samspel mellom på den eine sida det unge allmennlitteraturfaglege miljøet, særleg i Bergen, og skandinavistmiljøa. Det var naturleg at Atle Kittang var ein sentrale innleiar på den internasjonale studiekonferansen i skandinavisk litteratur (IASS) ved universitetet i Gent i 1976, med emnet *Creatio versus mimesis*, og tilsvarande ved universitetet i Greifswald i 1980, då emnet var litteraturhistorie. Det er sjeldan i dag ein ser referert rapportane frå slike konferansar, og eit fleirtal studerande anar ikkje at dei finst, medan noko av det aller viktigaste av fagleg tenking som gjeld litteraturstudiet finst nett der.

Når det gjeld litteraturfaget i dag, har eg nokre hjartesukk, eller kanskje eg heller skal seia at eg har har kjepphestar å ri. Mine tilhøyrarar vil om dei verkeleg har lytta til det eg seier, ha lagt merke til at det er eit omgrep eg har nytta i svært liten grad. Det er omgrepet *litteraturvitskap* som eg trur er lite heldig, og det er i alle fall påfallande, endå

om det har ein viss tradisjon, hos oss, i svenske miljø reint særleg, og også i danske og tyske, men det blir meir og meir utydeleg di meir det blir brukt og di meir det blir forgreina. Universitetsforlaget tok i 2003 til å gje ut ein ny serie med populære innføringsbøker i faglege område og disiplinær. Den første av dei er Erik Bjerck Hagens *Hva er litteraturvitenskap* (Bjerck Hagen 2003). 7 bøker til er anten komne ut eller planlagt utgjevne; *Hva er idehistorie*, *Hva er islam*, *Hva er sosialantropologi*, *Hva er makt*, *Hva er språk*, *Hva er intelligens* og *Hva er pedagogikk*. Det påfallande med dette tittelkobbelet er at det berre finst *ei* bok med det krevjande, prangande eller utydelege ordet vitenskap som tilleggsord, og det er då grunn til å venta at denne boka klårgjer kva det er som gjer den aktiviteten boka krinsar inn eller talar om til noko som på ein særleg måte fortener å bli kalla vitskapleg. I så måte er den relativt velskrivne, sobre, opne, allsidige innføringsboka lite tilfredsstillande. Her er lagt fram ei rekkje ulike spørsmål ein kan stilla til litterære tekstar, ei rekkje perspektiv ein kan sjå tekstar i lys av, dei spørsmåla det er naturleg å stilla undervegs i eit fagstudium er streifa, og her vandrar ein fritt frå presise spørsmål som gjeld struktur, som gjeld narrative grep og definisjonar, til refleksjonar over både skrivaren, skaparen og lesaren/tolkaren som subjekt. Her er referat av ulike tolkingar av same verket, tolkingar Bjerck Hagen har funne interessante i seg sjølve og interessante å stilla saman. Det er berre det at mange av desse spørsmåla er like gjengse i nokså upretensiøse, meir eller mindre essayistiske innsirklingar av litteratur som ingen har drøymt om å kalla vitskaplege. Ingen kan kjenna seg støytt av denne boka, men så kan heller ingen meina at dei gjennom teksten som heiter *Hva er litteraturvitenskap* har fått svar på noko anna enn på stiloppgåva: nemn nokre av dei spørsmåla som har vore særleg aktuelle i samband med fagstudiet i litteratur ved universitetet dei siste åra. Og det er godt gjort, det er greitt gjort, men kva er det som er spesielt vitskapleg t.d ved Chinua Achebes engasjerte, kanskje presise, men likevel nokså subjektive kritikk av Joseph Conrads *Heart of darkness* for no berre å stilla eit spørsmål (Bjerck Hagen 2003, s 103 f). Og er Jane Tompkins såkalla eminente kommentar til *Onkel Toms hytte* noko anna enn ei all right analytisk grunnngjeven meningsytring? (Bjerck Hagen 2003, s 105) Litt lenger ute i same kapitlet får vi eit sitat av Terry Eagleton om Shakespeare. Bjerck Hagen kommenterer: "Dette uttrykker en politisert relativisme som mange litteraturvitere ikke vil være i nærheten av å

godta" (Bjerc Hagen 2003, s 107). Ja, og så. Kva då? Her kjem dette merkelege omgrepet som eg også sjølv bruker ein gong i blant: "litteraturvitar". Er litteraturvitar ein som veit noko om litteratur, same kva? Er det heller slik at ein litteraturvitar må ha studert litteraturvitskap, er det altså eit direkte forhold mellom litteraturvitskap og litteraturvitar? Eg spør naivt, somme tykkjer kanskje spørsmåla er dumme og meiningslause. Dei om det, eg trur at kvar einaste ein av dei som er stolte over at dei har studert litteraturvitskap, og som opplagt ofte brukar nemninga litteraturvitskap til markeringslinje overfor dei som har studert andre fag der litteratur er ein komponent, har noko å tenkja over, dei bør sjå at mine spørsmålsstillingar er relevante. Det er nemleg ikkje det minste vanskeleg å forstå at i eit gitt punkt i faghistoria då det allmennlitterære fagstudiet hadde bruk for å frigjera seg, bli sjølvstendig, var det bruk for eit namn eller ei nemning med symbolsk identitetsskapande potensiale i seg. Frå første stund låg dette der som eit problem. Eg har aldri studert litteraturvitskap; men eg har grunnfag i allmenn litteraturkunnskap som grunnfaget heitte ved Universitetet i Oslo til i 1980-åra. Eg har til og med undervist i allmenn litteraturkunnskap, og eg meiner eg har ganske god litteraturkunnskap så vel som filologiske kvalifikasjonar; eg har studert filologi. Men litteraturvitskap, nei det ordet høver ikkje for meg, men det er eit interessant vitskapsteoretisk eller kanskje helst vitskapssosiologisk spørsmål å reflektera over: når fungerer eit ord som dette definatorisk og har meining ut over det avgrensande. At litteraturvitskap finst, blir tatt for gitt både av dei som namngjev boka *Hva er litteraturvitenskap* og av dei som gjev ut *Norsk litteraturvitenskapelig tidsskrift*. Men den nemnde boka undergrev opplagt sin eigen tittel gjennom si nokså ukritisk inkluderande holdning og mange artiklar i tidsskriftet gjer det same.

Det eg peikar på er eit kjent problem. Ved etableringa av faget i 1960-åra var det kamp mellom dei som ville gjera faget til eit vitskapsfag også i namnet og dei som ville småminka det og ta ifrå det heider ved å kalla det litteraturkunnskap, fagnemningar er ein arena for kamp om hegemoni. Vitskapsnemninga har fungert gjennom mange år og tilført faget stor symbolsk kapital i 1980-åra og 1990-åra. Denne kapitalen vil bli devaluert om ein i den situasjonen ein no står i, ikkje verkeleg for alvor reflekterer over språkbruken og kanskje vel andre ord. Det vil koma til å bli utløyst spenningar når nye institusjonar med andre fagtradisjonar skal smeltast saman med eit allmennfag som

kunne få ein identitet når det stod relativt åleine, det er jo noko av dette siste års diskusjon i nemnde *Norsk litteraturvitenskapelig tidsskrift* kanskje også dreiar seg om, om enn lagt fram på ein annan måte enn her.

Mitt innlegg har vore spreidd, det er komponert litt etter frie innfalls metodar og saknar stringens, kanskje også substans. Det kan vel vera at innlegget er meir apologetisk enn eg har sagt ope; eg kjenner ei avmakt og eit mindreverd og forsvarar meg og mitt miljø klosset og subtilt på same tid? Eg kjenner det ikkje slik sjølv. Eg kjenner det ikkje slik at eg har så mykje å forsvara. Eg reknar meg som litteraturforskar, ein relativt god tekstlesar, med eit blick som er meir skjerpa av erfaring enn av teori. Eg har heller ikkje noko imot å vedgå mine avgrensingar om eg ikkje likar all kritikk like godt. Men det er heilt medvite og også noko eg har valt etter moden refleksjon når eg så tydeleg distanserer meg frå det dei kallar litteraturvitskap.

Grunnlaget mitt er litteraturen, det av menneskelg røynsle, av spenningar, av språkleg fylde, av rytme, av lengt, av tanke og draum og historisk innsikt og mykje meir som ligg lagra i tekstar som kan nå oss. Eigentleg er det vel det eg alltid helst vil snakka om når eg er med på slikt som dette, om møtet mellom teksten og meg og deg. Hugsar de orda "est' sila blagodatnaja /v cozvutsje slov zhivych". Lat meg slutta me då å sitera eit lite dikt av Paal-Helge Haugen, somme har høyrte meg sitera det før:

På botnen av det uverkelege

finst alltid det verkelege

på vegen dit finst skuggar

utviska møte, mumlande røyster, stivna rørlser

erosjon, dis, spor / i sand og du sjølv

så du kan bli verkeleg

på botnen av det verkelege.

Takk for at de har høyrte på meg òg.